

ÅRSPLAN for Vikemarka barnehage

2023 - 2025

VISJON

”Inspirerende samspel”

www.vikemarkabarnehage.no

DEL 1.

Vi har vald å dele Årsplanen i 2 delar, del 1 handlar om korleis vi jobbar.

Del 2 er ei utdjuping og har meir detaljert informasjon om ein skilde tema.

Både del 1 og 2 gir viktig info til alle som jobbar i Vikemarka.

Foreldre får grei info ved å lese del 1, og kan bruke del 2 som oppslag.

KORT PRESENTASJON

Vikemarka barnehage er ein privat barnehage med godkjenning for 66 plassar for barn 0-6år. Vikemarka barnehage ligg oppe i Vikemarkfeltet i Ulsteinvik, midt i naturen.

Vi samarbeider med mange aktørar for å kunne gi barna det beste i tida fram til skulestart, slike som PPT, Helsestasjonen, Logoped, barnevern osv.

ORGANISERING

Vikemarka barnehage er organisert i mindre grupper. Lokala våre er utforma slik at barna opplever ein open barnehage, der dei kan oppsøkje søsken eller barn i andre aldersgrupper i løpet av dagen. Vi har ingen tradisjonelle avdelingar, man kvar gruppe har faste vaksne med ein pedagogisk leiar.

Vekst og utvikling står i fokus i barnehagen vår.

Delar av dagen er vi organiserte i grupper, slik at alle får utfordringar ut i frå egne behov for meistring og utvikling. Oftast er vi delte slik at barna er saman med barn på same alder, andre gonger er det flott med deling på tvers av alder.

Vi jobbar mykje med smågrupper som metode, og meiner at ei lita gruppe barn med 1 vaksen er optimalt for barna sitt utbyte.

Vi er ein lærande barnehage, med samvær mellom vaksne og barn som nøkkkelkvalitet. Vi meiner at tilsyn og samvær er to kvalitetar som kan prege ein barnehage, og at vi ynskjer å vere prega av samvær som har høgst kvalitet for barn. Det gode samværet er også ein viktig faktor når det kjem til verkeleg å sjå kvart einskild barn med sine behov for omsorg, nærleik, vekst og utvikling.

Kven som jobbar og har ansvar på dei ulike gruppene får du info om i barnehagen. Sjå dessutan heimesida vår www.vikemarkabarnehage.no

Vi har engasjerte og fagleg godt kvalifiserte vaksne.

Vi vil - utfordre oss sjølve

- kome vidare
- vere synlege
- gi av oss sjølve
- skape saman med andre

Nærare presentasjon av dei vaksne, finn du på www.vikemarkabarnehage.no

PLANANE VÅRE

«Rammeplan for barnehagar» – fastsett av Kunnskapsdepartementet 24.april 2017, er eit sjølv sagt utgangspunkt for arbeidet vårt.

Dernest kjem vår eigen årsplan med "Pedagogiske periodar" som fortel kva som er hovudtema og kva vi kan vente oss i denne perioden.

Innanfor desse rammene har leiarane våre i samarbeid med sine medarbeidarar stor handlingsfridom og brukar seg sjølve og sine kunnskapar og erfaringar for å skape gode dagar for barn i vekst og utvikling.

Leiarane lagar periodeplan for si gruppe. Desse vert sendt ut til foreldra for kvar periode – jamfør eige oppsett.

Når ein periode er over, får du også info om kva som vart gjennomført av planane i sist periode.

I barnehagen eller på digitale plattformer finn du planar som fortel kva som er planlagt for kvar dag.

Her kan du som foreldre sjå kva ditt barn skal vere med på. Og du har eit fint utgangspunkt for samtale med barnet etter at dagen er over.

Av og til skriv leiaren litt ekstra om ei spesiell oppleving denne dagen.

Med samvær mellom vaksne og barn som fokus, vert det ein viktig balanse for pedagogane kva dei skal bruke avdelingstida på. Kor mykje tid skal ein bruke på å gi detaljert info til foreldra i høve til å prioritere å vere til stades for barna? For å få ein god balanse i dette, vil vi

samarbeide med foreldra, finne ein balanse mellom foreldra sine behov for informasjon og barna sine behov for samvær med dei vaksne.

FAGOMRÅDA I RAMMEPLANEN

Fagområda følgjer oss året rundt.

Nokre av fagområda har spesielt fokus i ei av dei pedagogiske periodane våre, andre er med oss kvar dag. Både "Kommunikasjon, språk og tekst", "Kropp, rørsle, mat og helse" er naturlege delar av ein vanleg dag. Det same gjeld Mengd, rom og form, som var eit tema i førre Rammeplan.

Her er fagområda;

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsle, mat og helse
- Kunst, kultur, kreativitet
- Natur, miljø og teknologi
- Etikk, religion, filosofi
- Nærmiljø og samfunn

Ei gruppe kan til dømes ha ein dag der dei har hovudfokus på motorikk og mengd, rom og form.

Då kan vi leite etter ulike former når vi er på tur, vi kan gå lange turar eller endå lengre turar. Vi kan hoppe høgt eller langt, eller krype gjennom ein trong tunnel.

Vi kan hoppe paradiso med tal på, eller telle kråker i eit tre. Vi kan leike ein ringleik, lage ein stor sirkel av born....

Det er berre fantasien som kan stoppe oss.

Og læring skjer heile tida, både ute og inne.

FLEIRE DØME PÅ LÆRING I BARNEHAGEN:

I Vikemarka barnehage får barna lære ulike prosessar å kjenne, til dømes haustar vi frå naturen, og bruker dette i kosthaldet i barnehagen.

Vi hentar bær som vi lagar saft eller sylte av. Vi finn eit epletre som vi får løyve til å hauste av, vi tek opp poteter. Og vi dyrkar eigne grønnsaker.

Kjempespennande opplevingar som fortel oss noko om kvar maten kjem frå.

Kva lærer barnet i leik med LEGO attmed andre barn?

Samspel og sosial kompetanse: dele, låne, sende, hjelpe.

Kommunikasjon: bruke språket som verktøy,

Matematiske omgrep: lang, lengre, kort, kortare, høgt, lågt,

Fargar, berekne korleis former passar til kvarandre,

Meistring, fantasi.... For berre å nemne noko.

Saman med andre barn og bevisste vaksne er byggeleiken ei heil verd av læring.

På same måten kan vi sjå på andre leike- og samspelsituasjonar.

Fokuset vårt på vekst og utvikling gjer dagen saman med barna fantastisk givande. Det er spennande å følgje barnet si utforsking og læring.

LIKESTILLING OG KJØNN I DET PEDAGOGISKE ARBEIDET

Mykje har skjedd innanfor dette området i dei seinare åra.

På "Nordisk konferanse om likestilling" i 2001, vart pedagogen si rolle i dette arbeidet understreka. Lenge sidan 2001, men like aktuelt i dag.

Vi må vere bevisste at det er vi vaksne som legg innhaldet i kjønnsrollene for barna. "Jenter" eller "gutar" er ikkje ei homogen gruppe på nokon måte. Det finns sjeldan grunnlag for å omtale dei som gruppe i barnehagesamanheng. No er det Per og Kari, og kva dei måtte ha behov for, som tel, ikkje "jentene" og "gutane". Her prøver vi også å fokusere og vere bevisste i samhandling med barna.

Det som er viktig, er at alle barn får like sjansar, ikkje tilbod som er prega av stigmatiserte kjønnsroller.

Og alle barn skal kjenne at dei passar inn. Dei skal kjenne seg trygge og dei skal erfare at dei får velje fritt kva dei vil leike og kven dei vil leike med. Ingen av aktivitetane våre skal definere ein viss kjønnsidentitet.

Leik og venskap mellom gutar og jenter er ein viktig del av ein sunn oppvekst, og i tråd med innhaldet i Rammeplanen.

«Jentefarge» og «gutefarge» er utgått på dato for lenge sidan, sjølv om dei som produserer klede til barna gjer sitt beste for å halde på akkurat det.

Likestilling i barnehagen handlar om å ha forventningar til Kari som Kari og ikkje som «jente», og til Per som Per og ikkje som «gut». Alle barn har rett til å leike med alle barn – dette er også grunnen til at vi i barnehagen ikkje kan vere med på tanken om å arrangere private «jenteselskap» eller «guteselskap» gjennom vår arena. Eit slikt selskapskonsept ekskluderer mange viktige og essensielle venskap, og deler opp basert på kjønn.

Vi oppfordrar difor foreldra å tenkje inkludering når dei tek med heim andre barn på besøk, og når dei ber til bursdagselskap.

PEDAGOGISKE PERIODAR i Vikemarka barnehage

Veke 32/33 – 38 DET GODE SAMVÆR

Bli kjende med kvarandre, med barnehagen sine rom ute og inne.

Bli kjende med barnehagen si dagsrytme, reglar og rutinar.

Bygge gode relasjonar: barn til barn, vaksen til barn, vaksen til vaksen, personale til foreldre

Tryggleik, sensibilitet, stabilitet, tilvenning,

Veke 39 – 46 HAUST, VENSKAP

Glede andre, hjelpe andre

”Barn hjelper barn-aksjon”

Kva er ein god ven? Kva gjer ein god ven?

Øve, øve: «Den største gleda ein kan ha, det er å gjere andre glad».

Empati kjem ikkje av seg sjølv, det må lærast

Veke 47 – 51/52 FØRJULSTID

Den glade budskapen, glede andre

Juletradisjonar

Veke 1 – 9 VINTER

Is, snø, ake, bygge

HUMOR smil og latter, teater

Fantastiske fellesopplevingar

Veke 10 – 16 VÅR, PÅSKE, LYS OG LIV

Glede, varme, undring, nytt liv

Påskebudskapen

Veke 17 - 22 HEIMSTADEN MIN

Ulsteinvik, ein del av Norge, 17.mai

Heimkjensle, lokal identitet

Veke 23 – 31 SOMMAR

Livsglede, sansar, kroppsfunksjonar

Vi er ulike, men likeverdige

Men det aller viktigaste kvar dag her i Vikemarka er det inspirerande samspelet.

BARNES MEDVERKNAD

Barnehagelova seier at barn skal vere aktivt med i planlegging og vurdering av eigen kvardag. Vi er difor forplikta til å få fram barn sine synspunkt, og la deira uttrykk få konsekvensar for det pedagogiske arbeidet.

Metodane for å innhente barn sine synspunkt må vere tilpassa barnet i alder og mogning: På same tid som barnet har rett til å uttrykkje seg og bli høyrte, skal barnet ikkje bli stilt overfor avgjerder og val som det ikkje er rusta til å ta. Dette er understreka i Rammeplanen. For mange val er krevjande for eit barn.

Korleis kan dei aller minste barna medverke?

Berit Bae, kjend norsk pedagog, seier at det handlar om barnet sin yrings-fridom, og at vi vaksne må vere vare for korleis det vesle barnet uttrykkjer seg gjennom lydar, kroppsspråk og ytre teikn på trivsel eller vantrivsel.

Gjennom det nære samværet er det ikkje vanskeleg å sjå det vesle barnet med sine uttrykk. Alle barn skal oppleve at deira behov og ynskje betyr noko, at dei kan påverke kvardagen sin og ha reelle val. Dei skal oppleve at deira innspel blir verdsette.

Og det handlar ikkje om å få bestemme alt eller velje på «øvste» hylle. Det handlar om ein balanse der ein ofte kan velje eller gi uttrykk for kva ein ynskjer eller har lyst til.

«Barnet si stemme» var tema på fagdagen ved oppstart hausten 2023. Der jobba vi med Forandringsfabrikken si undersøking der 722 barn i alderen 2-5 år fekk kome til orde. Undersøkinga heiter «Trygt for oss» og fortel oss at barn heilt ned i 2 års alder kan gi tydeleg uttrykk for kva som er viktig for dei i ein god barnehagedag.

Det er alltid spennande å få signal utanfrå korleis ting fungerer til dagleg når ein ser vekk frå dei fine orda på papiret. Vi er stolte over å ha fått gode signal på barns medverknad på storbarnsavdeling – frå 3.klasse studentar frå Barnehagelærarstudiet i Volda – våren 2015. Rapporten frå prosjektet deira «Barns rett til medverknad», synte at medverknad er noko vi praktiserer i det daglege her i Vikemarka.

RESPEKT FOR BARNET

er grunnleggjande for arbeidet vårt

Respekt for barnet syner vi

- når vi let barnet bruke den tida det treng for å gjere ferdig det ho/han held på med.
- når barnet får bevege seg i eige tempo
- når vi samtalar MED barnet (måten vi snakkar til og med barnet)

- når vi ler MED barnet
- når vi lyttar til barnet
- når barnet si "stemme" får konsekvensar for våre val
- når det er barnet sitt eige skaparverk som ligg i julepakken.

MOBBING

Vi har eit positivt barnesyn og har jobba i mange år med rollene våre som varme vaksne som rettleiar barn når dei treng det. Denne grunnleggande respekten for barn i tillegg til den høge kompetansen vi har, gjer at kvardagen vår er prega av høg trivsel og lite konflikhtar. Måten vi jobbar på er i høg grad førebyggjande for mobbing.

Vi har hatt ein strategi mot mobbing sidan hausten 2004. Rutinane her gjeld å avdekke og stoppe mobbing, med øvste leiar som hovudansvarleg når vi har ei sak, eller noko som kan bli ei sak.

Vi går no vidare med ei endå meir sensitiv tilnærming og er vare for alle former for krenking og ekskludering. Vi samarbeider med foreldre om bursdagsfeiringar og går eit skritt lenger når vi oppmodar foreldra om å tenkje inkludering – også på fritida.

TANNPUSS

Vi pussar tennene kvar morgon etter frukost for å innarbeide gode vaner så tidleg som mulig. Kvart barn har eige tannglas med eigen tannkrem og tannkost.

Tannpussen er ein god pedagogisk læresituasjon i seg sjølv, som ikkje stel verdfull tid frå andre aktivitetar.

KOSTHALD

Vi har varm lunsj kvar dag.

Vi tenkjer breidde når vi legg opp menyen for dei varme måltida. Vi legg vekt på kvalitet med fullverdige måltid, kjøtt, fisk, ris, pasta og poteter.

Barna får fleire slag grønnsaker og frukt kvar dag.

Smitteeffekten er stor, så barna er flinke å smake på "nye" sortar.

Vi har mykje økologisk mat – for å støtte ei berekraftig utvikling. Naturleg når vi jobbar med framtida, som er barna.

Vi unngår stivelse og tilsettingsstoff, og lagar det meste frå botnen.

Vi lagar FRUKTFEST når vi feirar bursdag.

Då får barna velgje mellom td fruktskyd, smoothie og liknande.

God og næringsrik kost er det beste grunnlaget for ein aktiv og lærande kvardag, og glade kroppar trivst best ☺

Eit stabilt blodsukker er også førebyggjande for konflikhtar – viktig for den sosiale utviklinga.

LOKAL TILPASSING

Vikemarka barnehage er ein del av kystkulturen vår. Utsikta frå barnehagen minner oss kvar dag om hav og båtar og den industrien som bygda vår er grunnlagt på.

Sjølv om vi held til på fjellet, er det kort veg til fjøra. Oppe i barnehagen byggjer vi båtar. Vi teiknar og planlegg korleis båten skal sjå ut, lagar han og prøvekøyrrer han.

OVERGANGER

Barn som går frå det kjende trygge, til det ukjende har behov for ekstra varme og støtte. Vi er særleg merksame på desse overgangane:

Starte i barnehagen

Før tilvenninga, kan barnet kome på «Småbarnstreff». Der treff dei andre barn som skal starte, vaksne frå barnehagen, får sjå og oppleve barnehagen sine rom med alle sansar – det blir skapt positiv forventning før oppstart. Er det eit større barn som skal starte, blir det også bedt på slike «førehandsbesøk».

I tilvenningstida ber vi også om å få kome på eit kort heimebesøk. Dette har vi svært positive erfaringar med.

Sjølve tilvenningstida har individuelt fokus med faste rutinar.

Ny avdeling/gruppe

Vi legg vekt på ein mjuk overgang der vi sikrar stabiliteten for barnet. Det er kjende vaksne som skal følgje vidare, og vi lagar ein god overgang med besøk og blanding av grupper i tida før og etter start i ny gruppe.

Ny plass å bo/heim – flytting

Dette kjem ofte på same tid som td.. samværsbrot, og forsterkar det heile. Ein viktig overgang å vere merksam på.

Samlivsbrøt

Det er vel den mest traumatiske av alle overgangar i eit barn sitt liv. Vi gir barnet ekstra mykje varme og støtte og god tid til å lytte og samtale. Vi har godt materiell «Ett barn – to heim», og gode rutinar med samtale med foreldra og rettleiing i denne vanskelege tida. For barnet sin del er det viktig at vi får tidleg info om alvorlege konflikhtar i heimen, slik at vi kan støtte barnet på beste måte.

Skulestart

Det siste året før skulestart jobbar vi mykje med aktivitetar som har som mål at barnet skal auke sjølvstendet sitt reint praktisk.

Innhaldet dette siste året, handlar også om vidare utvikling sosialt, motorisk og kognitivt. Det er viktig at barnet får styrke sjølvkjensla si, slik at det kjenner seg trygt og klar til å gå inn i skulekvardagen.

Dei som skal starte på skulen er alltid ei eiga gruppe, så det er «5-årsklubb/førskulegruppe» i Vikemarka barnehage kvar dag. Vi jobbar systematisk med det forskingsbaserte pedagogiske opplegget Lekbasert læring fram mot skulestart.

For barn med særskilde behov, har vi møte med skulen allereie om hausten siste barnehageåret, slik at skulen skal vere godt budd til å ta imot barnet med sine behov.

Foreldre er med på slike møte, og gir løyve til nødvendig overføring av info til skulen. Vi tek turar på besøk til skuleområdet for å jobbe med barna sine kjensler og forventningar i høve til skulestart, og er med på eventuelle arrangement på skulen. Elles samarbeider vi vidare med skulen om ein god overgang.

MANGFALD

Barnehagen i seg sjølv har eit godt mangfald. Vi har menn og kvinner, unge og erfarne, med ulik utdanningsbakgrunn. Dei tilsette ber med seg kulturar av ulike slag. Dette er spennande og inspirerer i det daglege arbeidet med barna. Barna opplever andre kulturar på ein naturleg måte – nye fargar, omgrep og flagg til 17.mai.

FAMILIAR

Det tradisjonelle familietreet har endra seg. Nye familiestrukturar med sine omgrep og ordningar er ein del av samfunnet vårt. I Vikemarka er alle varmt velkomne. Vi har bøker der hovudpersonane har ei anna familieform enn den tradisjonelle, og normalisering er strategien vi brukar for å inkludere.

RELIGION

Både vi som jobbar her og familiane som er her, er knytte til ulike religionar og trusretningar, sjølv om dei fleste er medlemar av Den Norske Kyrkje. Vi har sjølv sagt ingen forkynning og det er ingen som står for den einaste gjeldande sanninga.

Saman med barna kan vi undre oss over det som er vanskeleg å forstå når det td. handlar om liv og død. Og det er heilt greitt å fortelje kva ein sjølv trur på.

I løpet av barnehagetida, får barna besøkje kyrkja og i førskulealder tek vi ein tur til Ålesund og besøkjer tempelet, der mange hinduar praktiserer sin religion.

Uansett religion finns det mange felleskulturelle verdinormer som vi tek vare på, til dømes «Den gyldne regel» : «Det du vil andre skal gjere mot deg, skal du gjere mot dei».

FUNKSJONSMANGFALD

Funksjonsmangfald handlar om både det at alle menneske er unike og verdfulle. Og det handlar også om at nokre har nedsett funksjonsevne av ulike slag.

Her i Vikemarka er vi medlem av NFU, og vi har VTA plass – det vil seie ein varig tilrettelagt arbeidsplass. Vi er opne for å ta imot ulike menneske som treng å prøve ut arbeidsevnene sine osb.

Elles har vi i mange år hatt individuelt fokus både på barn og vaksne. Vi har individuell tilvenningstid for nye barn, og vi har jobba grundig med ulik personlegdom i høve til samarbeid og teambygging.

VURDERING AV BARNEHAGEN SITT INNHALD

Målet med vurderingsarbeidet er å oppretthalde og vidareutvikle kvaliteten i det daglege arbeidet.

Vi jobbar for høgt medvit om korleis den vaksne kan utgjere ein viktig forskjell både i tilbodet til det einskilde barnet, i samarbeidet med foreldra og i arbeidsmiljøet vårt: Kvaliteten i det

daglege samspelet mellom menneske i barnehagen er ein av dei viktigaste føresetnadane for barnet si utvikling og læring.

Dagleg leiar har ansvaret for at den pedagogiske verksemda vert vurdert på ein open og systematisk måte. Meir om vurdering i Del 2.

DET PEDAGOGISKE

Det pedagogiske er utsett for kontinuerleg vurdering, og justert mot innspel frå det offentlege, debattinnhald i pedagogiske fora, aktuell litteratur og kurs. Etter eit kurs er det alltid spørsmål om kva vi vil ta med oss vidare frå kurset og inn i vår barnehagekvardag. Kva kan auke kvaliteten vår ytterlegare? Fokuset her er fagleg – i høve til styringsdokumenta våre, som er rettesnor.

Pedagogane har i tillegg ansvar for å vurdere sitt daglege arbeid opp mot målsettingane våre, det som vert bestemt i møte og i høve til evt. ekstra ressursar.

Barna sine innspel på det daglege arbeidet, vert først og fremst ivareteken gjennom medverknad og respekt for barn som er to sider av same sak. (Sjå elles i planen)

VURDERING OG INNSPEL FRÅ FORELDRE

Vi har ein open dialog og ein god kvalitet på samarbeidet med foreldra. I tillegg til foreldresamtalane haust og vår og den daglege dialogen, har vi ei brukarundersøking i løpet av året.

Foreldra har også reell medverknad gjennom Samarbeidsutvalet sine møte og gjennom Foreldrerådet, jfr vedtektene våre.

VURDERING AV ARBEIDSMILJØET

I Vikemarka barnehage har vi ein arbeidsmiljøavtale som alle skriv under på i samband med tilsetting.

Avtalen er eit flott grunnlag for arbeidsmiljøet, og tek utgangspunkt i at alle skal glede seg til å gå på jobb kvar dag, fordi dei her møter menneske som er rause, gir av seg sjølve, ser på ulikskapar som ein ressurs og som ynskjer å skape i samarbeid med andre.

Avtalen vert følgt opp individuelt gjennom medarbeidarsamtalar og etter behov gjennom året.

VEKST – UTVIKLING – DIAGNOSTISERING

Vi er skeptiske til diagnostisering og "båstenking" når det gjeld barna, så vi brukar ikkje faste kartleggingsskjema på alle barn. Det er likevel nødvendig med observasjonar og registreringar som grunnlag for pedagogisk tilrettelegging og planlegging.

Her kan vi nytte ulike kartleggings skjema i den grad det tener føremålet, slike som Tras, Alle med, Mio el. Dersom eit slikt skjema skal brukast som info til andre instansar, som Ppt eller skulen td, blir det innhenta samtykke frå foreldra.

Alle barn utviklar seg i eige tempo på ulike område.

Vi samanliknar difor kvart barn med seg sjølv og si eiga utvikling, på same tid som vi følgjer godt med kvar barnet treng ekstra stimulering og utfordringar.

PERSONALUTVIKLING

Her i Vikemarka er det eit uttala mål at dei vaksne skal vekse og utvikle seg.

Det er faktisk like viktig som at barna veks og utviklar seg.

Og det er ein føresetnad for barnet sin trivsel og utvikling.

Å vere attmed vaksne i vekst og utvikling, gir barna det beste grunnlaget for eiga utvikling.

Kompetanseløftet – eit utviklingsarbeid i barnehagen

I desember 2018 starta vi arbeidet med kompetanseløftet – i samarbeid med PPT.

Vi gjorde ein grundig analyse Swot og Grow, for å sjå kvar vi stod og kva som var naturleg for oss å arbeide med.

Vi fann at den autoritative vaksenrolla var interessant å arbeide med, ikkje minst sidan vi allereie har fokusert i fleire år på respekt for barnet – kva dette vil seie i kvardagen. Og at vi har «samvær» som kvalitet i staden for «tilsyn».

Den autoritative vaksenrolla handlar om å finne den rette balansen mellom kontroll og varme i relasjonen mellom oss vaksne og det einskilde barnet.

Vi øver og har oppfølgingsamtalar. Prosjektet vil vare til 2022, eventuelt med utvida fokus.

SIKKERHEIT

Vi har mange gode rutinar for sikkerheit, og har dette som 1. sak på alle møte. Dei som jobbar hos oss, tek sikkerheitskortet når dei startar. Det er ei nettbasert opplæring, som også foreldra får tilbod om.

Vi har eksternt tilsyn på uteområdet årleg.

MÅL

Vi har 2 hårete mål for arbeidet vårt:

- 1. Dei historiene som vert fortalt om Vikemarka barnehage skal vere positive historier.**
- 2. Når barna "våre" startar på skulen, vert kunnskapen dei har med seg frå Vikemarka barnehage lagt merke til.**

Begrepet "hårete mål" er Ingebrigt Steen Jensen sitt, teke frå boka hans "Ona fyr".

Hårete mål er store og vanskelege å svelgje – for dei som prøver 😊

DEL 2.

Progresjon i Rammeplanen sine fagområde.

Korleis differensierer vi innhaldet i ulike aldersgrupper?

Barn skal få utfolde skaparglede, undring og utforskartrøng. Dei skal lære å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen. Barn skal utvikle grunnleggande kunnskapar og ferdigheiter.

(Bhg.lova § 1)

Barnehagen skal formidle verdier og kultur, gi rom for barna si kulturskaping og medverke til at alle barn opplever glede og meistring i eit sosialt og kulturelt fellesskap.

(Bhg.lova § 2)

Fagområda:

- **Kommunikasjon, språk og tekst**
- **Kropp, rørsle og helse**
- **Kunst, kultur og kreativitet**
- **Natur, miljø og teknologi**
- **Etikk, religion og filosofi**
- **Nærmiljø og samfunn**

Progresjon:

Årsplanen gir føringar for personalet sitt arbeid med fagområde og arbeidsmåtar. I periodeplanane våre, vil det kome særleg tydeleg fram korleis arbeidet blir tilpassa dei ulike barnegruppene.

1-åringen

treng ein plass heilt for seg sjølv, utan fagområda som rammer, med eit heilskapleg innhald knytt til seg sjølv, som det unike lille mennesket barnet er.

1-åringen bevegar seg frå det trygge kjende som er heimen og familien, og ut i det til no ukjende der han skal finne sin plass. Alt er nytt i barnehagen, rom, fargar, vaksne, nye barn, smakar, lukter og lydar. Det er nye ting å sjå på, høyre, lukte, kjenne på, oppleve – ei verd full av nye impulsar og opplevingar, ei verd som vekker nye kjensler.

Det er også ein stor overgang med mange kjenslemessige utfordringar for foreldre, som gir frå seg barnet til nye vaksne. Trygge foreldre er svært viktig for at barnet skal kjenne seg trygt i alt det nye.

1 åringen vert møtt der han er. Det er barnehagen som skal passe til barnet, ikkje barnet som skal passe til barnehagen.

Barnet får stell og omsorg, nærleik og varme frå nye vaksne etter tilvenninga. I starten vert barnet skjerma frå for mange impulsar, for mykje lyd, for mykje støy.

Dette første året er vårt fokus å skaffe barnet nye erfaringar innanfor trygge rammer og i barnet sitt eige tempo.

1-åringen opplever verda gjennom kroppen sin. Rørsle er difor eit hovudtema i vår barnehage. Barnet skal bevege seg i eige tempo, på sin måte, so høgt og so langt som det er naturleg for barnet, med stadig nye små erobringar av terreng. Meistring vert difor ein viktig nøkkel for å bygge barnet si sjølvkjensle.

Å vere bevisst barnet sitt behov for rørsle, betyr også at vi unngår å frakte barnet i vogn, fordi den beste turen for barnet er den som barnet går på eigne bein, i eige tempo og med utforsking av eigne sanseintrykk – stoppe og undre seg ved det barnet ser, høyrer, kjenner. Og slik rikdom har vi tid til i barnehagen.

Barnet sitt behov for rørsle gjer også at vi unngår å bere barnet rundt, og vi unngår å sitte still for å vente. Einaste unntaket er måltidet som bør vare i 30 minutt for å sikre at barnet får tid nok til eit godt og triveleg måltid.

Song og musikk, rim og regler vil prege barnet sin dag, og kroppen er også sentralt i dette. Barnet opplever rytme og melodiar som gler og roar og legg grunnlaget for den språklege utviklinga og barnet sin eigen produksjon av ord og omgrep. Framfor alt er barnet sitt kroppsspråk det viktigaste i samtalen mellom vaksne og barn og barn til barn dette første året, og sensible vaksne let barnet medverke i eigen kvardag.

Kommunikasjon, språk og tekst

Tidleg og god språkstimulering er sentralt i barnehagen vår. For dei aller minste er kroppsspråket det tydelegaste, for dei større ord- og setningsproduksjon og språkforståing. Språket set ord på alt vi erfarer og opplever, og er ein viktig reiskap for kommunikasjon og samhandling, og er med på å strukturere barnet sine tankar. Godt språk er også grunnleggande for barnet si totale utvikling.

Barna skal få erfaring med ulike tekstar, både munnleg og skriftleg, nynorsk og bokmål

- ✓ Utvikle eit rikt og nyansert talespråk
- ✓ Utvikle eit forhold til tekst og forteljingar som kjelde til kunnskap og estetiske opplevingar
- ✓ Bli fortrulege med symbol som tal og bokstavar som førebuing til skriftspråket
- ✓ Bli kjent med bilde og media som kommunikasjonsmiddel

- ✓ Pedagogane har ansvar for å sette inn tidleg innsats til barn med forseinka språkutvikling
- ✓ Alle vaksne skal vere bevisste på, anerkjenne og stimulere barna sine kroppslege uttrykk (kroppsspråket)

Slik gjer vi det:

Alder 2-3 år	Alder 3-6 år
Bruke aktuelle omgrep i alle situasjonar med barnet – benemne det vi gjer, ser, kjensler osv	Bruke ord og omgrep etter Rp sitt prinsippet om Læring i kvardagssituasjonar
Dagleleg bruk av bøker med gode bilde som konkretiserer det vi les	Lese bøker, munnleg forteljing og lage nye forteljingar saman med barna - tekstskaping
Songar, rim og regler med rørsler til	Leik med rim og regler, tøysepråk, humor, bruke spel som språklege forsterkingar,
Eventyr og forteljingar med konkretar til, td. «Snakkepakken»	Samtale med barna. Lære barna å ta ordet, og gi uttrykk for meiningane sine, kunne argumentere og forhandle. Bruke konkretar, «Snakkepakken» og «Grip omgrepa»
Bokstavar og tal er synlege i miljøet	Bokstavar og tal er synlege i miljøet, og vert brukt aktivt i ein leikande praksis
Nærleik og tillit som grunnlag for tilknytning og god kommunikasjon	Nærleik og gode relasjonar, bruke tid på barnet, lytte, bry seg
	Leikeskriving får positiv feedback, ingenting er feil
	Stille opne spørsmål i samtalar: Kva, Når, Kven osv
Sette ord på og anerkjenne kjensler og snakke om dei, bruke bilde	Anerkjenne egne og andre sine kjensler, trene på sjølvregulering
Undre oss saman med barna, dele begeistring	Undre oss saman med barna, refleksjon og filosofiske samtalar etterkvart
Bruke digitale verktøy saman med barna	Barna bruker digitale verktøy som læremiddel i prosessar, og lærer av kvarandre
Tidlig innsats: Fokus på barnet si språkutvikling framfor kvar foreldresamtale (1/2 årleg) i tillegg	Tidleg innsats: Som for småbarn.

til ved særlege behov. Dette blir dokumentert.	Bruk av oppslagsbøker i barnehagen og på tur
	Bruke kartleggingsverktøy «Alle MED» og «TRAS» ved behov.

Kropp, rørslle og helse

Barna skal tileigne seg grunnleggande motoriske dugleikar og gode vanar. Det omfattar erfaringar, dugleikar, kunnskap og haldningar vi får gjennom sanseinstrykk og rørslle

- ✓ Utvikle kroppskontroll og grunnleggande grov- og finmotoriske dugleikar
- ✓ Utvikle ei positiv sjølvoppfatning gjennom kroppslig meistring
- ✓ Gode erfaringar med og positive haldningar til aktiv bruk av kroppen, ute og inne
- ✓ Gode erfaringar med friluftsliv og uteaktivitetar
- ✓ Utvikle gode vaner slik at de kan ivareta egen kropp, helse og velvære

Slik gjer vi det:

Alder 2-3 år	Alder 3-6 år
Mykje uteleik	Mykje uteleik
Korte turar i nærområdet	Lengre turar i fjøre, skog og fjell «5 år, 5 toppar»: 5 toppturar i nærområdet
Boltrerom, gode tilhøve inne, klatrevegg, hopp, sklie	Boltreleik ute, strekkje grenser ute i naturen, ski, ake, klatre
	Bruk av ulike verktøy: Hammar, sag, kniv (ta knivsertifikat)
Dans - rørsleglede	Dans - rørsleglede
Sjølvstende: Barnet får bevege seg i eige tempo, klatre opp på stellebordet sjølv osv.	Barnet får bevege seg i eige tempo, tid til undrande fokus på tur, gjere seg ferdig
Variert finmotoriske aktivitetar male, teikne, perle, bygge, plukke småstein, putteboks	Klippe, lime, tape, perle, pakke inn saker, kle på dukker, bygge osv
Barna får oppleve meistring ved på kledning	Barnet opplever sjølvstende i påkledning
Gode rutinar på handvask	Gode rutinar på handvask
Tannpuss	Tannpuss

Barna opplever meistring i stellesituasjonen: Får eit avslappa forhold til å gå på do	Barnet kontrollerer kroppen sin og meistrar toalettrutinar
Gode rutinar for kvile, søvn	God veksling mellom aktivitet og kvile
God tid til måltid i sosialt fellesskap, varierte erfaringar med smak og konsistens. Mat med høg kvalitet, mykje frukt og grønt, mykje økologisk.	Fokus på triveleg måltid. Dyrkar og haustar mat saman, lærer om kvar maten kjem ifrå. Mykje utemat. Barna er med å lage mat.
Barna opplever fysisk omsorg, som å sitte på eit fang, få ein klem, halde ei hand, få trøyst	Barna lærer at dei bestemmer over eigen kropp og set grenser sjølve. Klem, fang og ei hand å halde i viktig også for dei største. Omsorg i ein tøff livssituasjon, sorg, skilsmisse, flytting

Kunst, kultur og kreativitet

Fagområdet omhandlar kulturelle uttrykksformer som bildekunst og kunsthandverk, musikk og dans. Språk og litteratur, film, teater, arkitektur, design, og barna sine egne kulturelle uttrykk høyrer også med her. Dei estetiske faga formidlar kulturarv, og er ein viktig reiskap for sansing, oppleving, tenking og kommunikasjon

- ✓ Utvikle fantasi og kreativitet
- ✓ Utvikle evne og dugleik i å lytte og iakta gjennom allsidige møte med kunst og kultur
- ✓ Utvikle og styrke kulturell identitet og personleg uttrykk
- ✓ Tileigne seg dugleikar i musikk, song, drama, teikning, maling og bruk av verkty og teknikk

Slik gjer vi det

Alder 2-3 år	Alderen 3-6 år
Songstund, songkort, rørsle til song, rim og regler. Temabasert.	Korsamling, instrument, rim og regler, dikt. Temabasert.
Peikebøker, ordbøker, vrimebøker, korte forteljingar, bildebøker. Blir introdusert for kjende forteljingar som er kulturberarar, kjende eventyr	Erfaring med indre bilde - meir tekst og forteljing. Barn skaper sine egne forteljingar, skriv egne bøker, illustrerer sine forteljingar, kan kjende eventyr

Bli kjende med ulike materiale som sand, leire, ull, maling, blyantar, krit, mold. Både naturmateriale og supplerande formingsmateriale.	Skape kunst ved hjelp av ulike materiell, som ull, tråd, leire, sand, mold, maling, krit, tusj, blyant. Både naturmateriale og supplerande formingsmateriale.
Leike med teikning, tusj, maling, fingermaling. Finmotorisk trening i møte med materiale.	Bruke ulike teknikkar målretta: teikne, male, flette, tove, veve, bygging/konstruksjon, fargeblanding, og formskaping.
Lytte til ulik musikk: klassisk, jazz, folkemusikk, rytmar og barnesongar. Bevege seg intuitivt i møte med lyd og rytme.	Lytte til ulik musikk: bruke instrument, syng med, stå på scena, delta på kulturelle aktivitetar i Ulsteinvik td. Sufh teater, «Dansens dag»
Gi barna nye syns-, hørsel-, og sanseintrykk ved hjelp av lys, lyd, og taktilt materiell, i naturen og elles. Skape atmosfære og stemning.	Bruke naturen til sansing: Sjå gjennom is, studere lysspel, strålar, dogg, spindellev. La barna gjenskape ulike fenomen gjennom det dei har lært om teknikk og materiell.
Bruke konkretar i forteljing av eventyr, engasjere med ulik stemmebruk og innleving. Oppmuntring til song, dramatisering, og leik med dukker, bamsar, andre barn.	Barna får sjå dramatisering og teater i Ulsteinvik, i barnehagen, av kjende og ukjende aktørar. Dei dramatiserer sjølve, opplever meistring av å framføre - ut frå sitt eige ynskje og initiativ. Gi rom for spontan framsyning av barn- for barn.
Bli kjende med barna sine etniske røter, og kulturarven deira.	Synleggjering av ulike kulturar, språk, og skikkar- med utgangspunkt i barnegruppa- for å bli kjende med ulike menneske og kulturar. Saapmi som ein del av Noreg.
Tøyse med assosiasjonar, rim, fabulering, fantasi, humor.	Spele vidare på barnet sitt initiativ til fantasiforteljing, la deg rive med saman med barnet.
	Oppsøkje lokale kunstnarar og utstillingar, evt få besøk av slike i barnehagen

Natur, Miljø og teknologi

Fagområdet handlar om at barna skal bli kjent med og få forståing for plantar og dyr, landskap, årstider, ver og berekraftig utvikling. Eit mål er å utvikle barna sin kjærleik til naturen, forståing for samspelet i naturen og mellom mennesket og naturen

- ✓ Erfaring med og kunnskap om menneske, dyr, og vekstar: Alle har sin plass i naturen. Dyr og plantar er viktige i matproduksjonen.
- ✓ Opplive naturen og undre seg over mangfaldet i den.
- ✓ Studere, eksperimentere, systematisere, undre seg og trekke slutningar i forhold til fenomen i den fysiske verda
- ✓ Bruke nærmiljøet for at barna skal kunne observere og lære om dyr, fiskar, fuglar, insekt og plantar.
- ✓ Kunnskapar om og erfaringar med kvardagslivets tekniske hjelpemiddel
- ✓ Kunnskap om korleis vi tek vare på naturen – miljøvern.

Slik gjer vi det:

Alder 2-3 år	Alder 3-6 år
Opplive naturen til alle årstider og i all slags vær	Opplive naturen til alle årstider og i all slags vær
Bli kjent med naturområde i nærmiljøet	Bruker naturområde i nærmiljøet aktivt, gi alle barna erfaring med fjøre, skog, fjell, elv
Positive og aktive vaksne som undrar seg og utforskar saman med barna	Positive og aktive vaksne som undrar seg og utforskar saman med barna
Legge til rette for naturopplevingar gjennom aktiv bruk av sansane	Naturopplevingar gjennom bruk av sansar, bøker, bilde osv
Jobbe med naturopplevingar gjennom estetiske aktivitetar	Jobbe med naturopplevingar gjennom estetiske aktivitetar
Erfaringar med vassleik: samle, tømme ut, balansere, helle over, osv. Bruk av bøtter og spader i sandkassa. Bygge sandlott, bruke mold, grave hol, vollgrav, osv. Blande sand/mold/vatn og erfare eigenskapar til ulike masser.	Nytte tekniske løysingar for å kome fram, td. Ei bru over bekken, demme opp vatn, flytte og lede vatn, bygge hytte av greiner. Samarbeide og knyte saman vegar, elvar, osv.
Eigenskapar til ulikt materiale: Lett/tungt Flyte/søkke	Barna vidarefører tidlegare erfaringar, og eksperimenterer med dei ulike materielle eigenskapane

Mengd, rom og form

Barnehagen skal fremje den byrjande forståinga for tal, omgrep, mengder og talsymbol. Vi skal undre oss over kva som er matematikk i kvardagen.

- ✓ Opplive glede over å utforske og leike med tal og former
- ✓ Tileigne seg gode matematiske omgrep

Slik gjer vi det:

Alder 2-3 år	Alder 3-6 år
Tal og former er synlege i miljøet, og blir sett ord på	Tal og former er synlege i miljøet, og er ein naturleg del av daglegtalen
Erfare ulike former og mønster i estetiske aktivitetar	Bruke symmetri til å lage papirfly, sommarfugl, hjarte osv
Bruke song, dans, eventyr, rim og regler til å leike inn tal og preposisjonar	Barna leiker med omgrepa, td leike butikk, kafè
Dekke, telle i leikekjøkenet	Lage mat, telje, dekke bord. Erfaring med ulike måleiningar: l, m, ss, ts
Sortere og systematisere leiker, rett plass, kva høyrer til? Putteboks, enkle puslespel	Over- og underomgrep, matematiske former, geometri Likskapar, ulikskapar i former: puslespel, bokstavar
Byggeleik med ulike klossar	Byggeleik med meir avansert byggemateriale. Utforsking av fysiske eigenskapar.
Naturleg samtale om fortid, notid og framtid	Tid, klokke, kalender, årstider, vekedagar Fortid, notid og framtid

Etikk, religion og filosofi

Fagområdet er med på å forme måtar å oppfatte verda og menneske på. På same tid pregar det våre verdiar og haldningar

- ✓ Bli kjent med grunnleggande verdiar frå kristen og humanistisk arv og tradisjon
- ✓ Få kunnskap om kristne og tradisjonelle merkedagar
- ✓ Tileigne seg samfunnet sine grunnleggande verdiar og normer gjennom danning
- ✓ Utvikle interesse og respekt for kvarandre, kvarandre sin bakgrunn, uansett kulturell og religion gjennom danning

Slik gjer vi det:

Alder 2-3 år	Alder 3-6 år
Synge songar, bruke musikk, bøker, forteljingar, drama og forming i formidlinga av kristne og tradisjonelle merkedagar	Synge songar, bruke musikk, bøker, forteljingar, drama og forming i formidlinga av kristne og tradisjonelle merkedagar. Delta i kyrkja før jul og til påske.
Markere merkedagar for andre religionar som er representerte i barnegruppa	Markere merkedagar for andre religionar som er representerte i barnegruppa
La andre kulturar som vi har i barnehagen vår, vere naturlege innslag i barnehagen sine aktivitetar	La andre kulturar som vi har i barnehagen vår, vere naturlege innslag i barnehagen sine aktivitetar
	Markere samane sin nasjonaldag, og lære barna om vår samiske minoritet
	Barn-hjelper-barn aksjon
Vise respekt for andre menneske i det daglege samværet i barnehagen	Behandle barna og kvarandre med respekt i det daglege og praktisere respekt for andre nasjonalitetar og kulturar ved å presentere andre språk og td flagg når dette er naturleg i aktivitetane våre.
Dele, låne bort, vere god med	Felleskulturelle verdinormer vert vektlagt: «Det du vil at andre skal gjere mot deg, skal du gjere mot dei»

Nærmiljø og samfunn

Barnehagen er ein møtestad mellom det private og det offentlege rom og mellom familien og samfunnet. Barnehagen skal bidra til at barn møter verda utanfor familien med tillit og nyfikne.

- ✓ Barna skal få oppleve seg sjølv som viktige medlemmer i barnehagen
- ✓ Utforske og få forståing og respekt for sosiale og kulturelle ulikskapar i barnehagen og nærmiljøet.
- ✓ Opplive at gutar og jenter får like sjansar og like mykje merksemd
- ✓ Bli kjent med og delta i samfunnet gjennom opplevingar og erfaringar i nærmiljøet
- ✓ Samane er vår urbefolkning, og barna skal få kjennskap til deler av samisk kultur

Slik gjer vi det:

Alder 2-3 år	Alder 3-6 år
Barna si stemme skal høyrast og vektleggast i det daglege	Barna skal kjenne at dei vert tekne på alvor og at deira innspel vert respekterte
Barna skal få kjenne seg nyttige i høve til eigne føresetnadar	Barna skal oppleve at deira bidrag i det daglege vert sett pris på
Dele, låne bort, gjere andre glad	Barna opplever eigne interesser og ønskje som ei konflikt til andre sine ønskje, og lærer korleis ein kan vere ein god ven.
Anerkjenning som førebygging mot mobbing	Alle treng mange vener, unngå bestevenbegrepet som kan vere ekskluderande. Legge vekt på positivt sosialisierende aktivitetar som turar og trivelege fellesopplevingar som førebygging mot mobbing. Trene på å dele i praksis. Tendensar som kan utvikle seg til mobbing skal takast hand om av leiaren i samarbeid med dei vaksne straks, i samsvar med «Strategi mot mobbing» som vi har her.
Lære nærmiljøet å kjenne	Erfare nærmiljøet og byen vår ved å besøkje butikkar, bibliotek, kyrke, skular osv. Bygge båtar og få første hands kjennskap til kystkulturen vår: fjøreliv
Bruke bildebøker for å lære korleis dyra ser ut og litt om livet deira	Besøkje gardar og oppleve dyr og matproduksjon på nært hald.
Tilby barna leiker og aktivitetar uavhengig av kjønn	Gjennomgåande unngå stigmatiserte forventningar til barna i alt vi gjer

EVALUERING/VURDERING

HMS- tema som sikkerheit, arbeidsmiljø, ergonomi og hygiene er gjenstand for kontinuerleg evaluering.

Det vil sei at vi straks tek hand om avvik eller bekymringsverdige forhold.

Alle vaksne har ansvar her, og dette går tydeleg fram av instruksane.

Vi har avvikssystem, årlege vernerunder og kriseteam for alt som treng akutt tiltak.

Vi har dessutan fast evaluering i løpet av eit barnehageår av dette:

- Tilvenningstida
- Haustaksjonen
- Foreldresamtalane
- Førjulstida
- Påskearrangement
- 17.mai
- Ferieavviklinga vår
- Inntaket

Evalueringa vert alltid **ferdigstilt i personalmøte**.

Brukarundersøkinga kvart år sikrar at **foreldra** får ei viktig stemme i evalueringsarbeidet vårt.

Årsplanen vert evaluert kvart år, om våren. Det er **pedagogane** som gjer denne evalueringa i samarbeid med **styrar**.

Det pedagogiske innhaldet vert sikra gjennom at pedagogane sender brev ut til foreldra framfor kvar periode. Der er det både planar for komande periode og kva som har blitt gjort i sist periode.

Dette skrivet går om administrasjonen som dermed får endå betre oversikt over kva som skjer i avdelinga og korleis leiarane planlegg og gjennomfører arbeidet sitt.

Framfor foreldresamtalar haust og vår, lagar vi minnebok for kvart barn. I denne kan ein sjå korleis barnet utviklar seg og fungerer på ulike område. Teksten går alltid til administrasjonen først, og er eventuelt gjenstand for samrådsmøte før den endelege teksten er klar.

Gjennom denne prosessen får eg som øvste pedagogisk ansvarlege lære pedagogane mine godt å kjenne, og får rettleie etter behov og gi medarbeidarane konstruktive tilbakemeldingar – ein viktig arena for evaluering og samarbeid om kvaliteten vi vil ha. Det må likevel understreka at det er **dei pedagogiske leiarane** som har ansvaret for å evaluere aktivitetane på avdelinga og sørge for at desse er i tråd med styringsdokumenta våre og det som vi har fastsett i møte.

Sikkerheit er sak nr 1 på alle personalmøte i tillegg, for å sikre at vi er oppdaterte. Vi har også godt samarbeid med **foreldra** angående sikkerheita på parkeringsareala når barn kjem og når dei blir henta.

Både foreldra og dei som jobbar her, ryggar på plass bilane sine for optimal sikring, og med tanke på ein eventuell evakuerings situasjon.

Ute på tur har vi egne sikringsrutinar. Desse er med i sekkane på tur, samt telefonnummer til alle foreldre, mobiltelefonar og evt walkie-talkie. Barna brukar refleksvestar med barnehagen sitt namn og telefonnummer. Ved turar nær vatn/sjø har vi utvida sikringsrutinar. **Alle turar har ein ansvarleg leiar**. Barna som er på tur vert merka av på oppmøtelista. Det blir også skriva ein info om kvar turen går og kven som er med av vaksne, samt aktuelle mobilnummer.

Vi registrerer barna kvart 15minutt på uteområdet vårt.

Uteområdet vert sjekka og dokumentert kvar morgon, og dokumentasjonen går til administrasjonen for kvar veke.

Vi er med på Nasjonal Brannøving i tillegg til minimum ei øving til kvart år. Det finns ikkje falsk alarm hos oss – uansett kva som er årsaka til ein alarm, er det øving.

Barna lærer mykje om å ferdast trygt langs vegen, nær vatn og korleis vi skal krysse vegen trygt. Denne opplæringa skjer mens vi er der det skjer – langs vegen.

☘☘☘

Godkjent i SU for 2023-25